



› 7 Pleie og omsorg

Ramme 7 omfattar einingane [Valderøy omsorgsdistrikt](#), [Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt](#) og eining Meistring og psykisk helse. Einingane yter tenester heimla i helse- og omsorgstenestelova.

Teneste	7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
	Alle tal i hele 1000						
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	-4	-	-	-	-	-
2130	VAKSENOPPLÆRING	-	552	-	-	-	-
2340	AKTIVISERING AV ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA	217	3 424	3 350	3 301	3 301	3 301
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	830	816	2 102	2 102	2 102	2 102
2412	PSYKISK HELSEVERN	0	1 273	2 676	2 676	2 676	2 676
2421	FLYKTNINGKONTOR	2 126	1 558	-	-	-	-
2430	TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM	-	1 182	1 347	1 347	1 347	1 347
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	6 413	6 686	7 087	7 090	7 090	7 090
2531	INSTITUSJONSKJØKKEN	382	366	402	402	402	402
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	50 887	53 926	60 741	64 185	64 185	64 185
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	9 598	9 320	9 287	9 291	9 291	9 291
2542	NATTENESTE HEIMEBASERT OMSORG	5 554	3 955	-	-	-	-
2543	AVLASTNING	776	498	4 813	4 813	4 813	4 813
2544	BRUKERSTYRT PERSONLEG ASSISTENT	5 017	4 707	5 276	5 276	5 276	5 276
2545	RESET BUFELLESSKAP - DRIFT	3	79	-	-	-	-
2546	GISKE OMSORGSSENTER	22 322	21 234	25 303	25 306	25 306	25 306
2547	VIGRA OMSORGSSENTER NORDSTOVA	3 637	1 876	-	-	-	-
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	16 463	19 109	21 408	23 231	23 231	23 231
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	19	76	1 022	1 022	1 022	1 022
2650	OMSORGSBUSTADAR	23	23	23	23	23	23
2750	INTRODUKSJONSORDNINGA	4 682	4 331	-	-	-	-
3015	KOMMUNALT KARTVERK	1	-	-	-	-	-
		128 947	134 990	144 836	150 065	150 065	150 065
3015	KOMMUNALT KARTVERK	1	0	0	0	0	0
	Sum ramme 7 PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	128 947	134 990	143 090	150 065	150 065	150 065

Giske kommune har tre omsorgssenter, Giske omsorgssenter, Vigra omsorgssenter og Godøy bukollektiv. Alle driv bukollektiv-drift, i tillegg har vi institusjonsdrift i 8 plassar ved Vigra omsorgssenter. Den største tenesta vår er [heimebasert teneste](#) som vert gitt både i bukollektiv og i heimane. Vi har eige storkjøkken som leverer gode og effektive tenester både til omsorgssenter, til eigen heim, møtemat og liknande. Giske kommune har bufellesskap til menneske med utfordringar innan psykiatri og rus, og [bufellesskap](#) og [dagtilbod](#) til dei med nedsett funksjonsevne. Helse- og omsorgstenestene vart omorganisert i 2018 og vi samla mellom anna [rus-tenesta](#) og [psykisk helse](#) i same eining. Denne endringa er viktig og nødvendig for rett utvikling, koordinering og samhandling, og for å møte veksten og utfordringane innan området. [Velferdsteknologi](#) og [kvardagsrehabilitering](#) er to av dei største satsingsområda, og vi har arbeidd med dette i 4-5 år, ei heilt nødvendig omlegging i tenestene for å møte framtida sine utfordringar. Velferdsteknologi gir meir effektiv bruk av ressursane, gir betre tenester til eldre som bur heime, brukarar ved omsorgssenter, brukarar innan rus og psykisk helse og

personar med nedsett funksjonsevne. Giske kommune deltek i [Nasjonalt velferdsteknologiprogram](#). Det er krav til kommunane at velferdsteknologi er ein del av helse- og omsorgstenestene frå 2020.

Vi er svært opptatt av kvalitetsforbetring og nytte ressursane på best mogleg måte. Samarbeid på tvers har stort fokus. Tenestene har hatt ei markant auke i tal brukarar dei siste fem år (sjå tabell under), dette er ei utvikling som vil halde fram. Vi må jobbe smart, endre arbeidsmåtar, justere struktur, utnytte ressursane effektivt, nytte digitale og teknologiske verktøy. Det er auka forventningar til tenestene hjå innbyggjarane, noko som kan vere utfordrande for kommunen å handtere. Omsorgstenestene kom på 15. plass på kommunebarometeret i 2018, noko som viser at vi leverer gode og svært kostnadseffektive tenester. Årsak til auka i budsjett 2020 med kr 8,1 mill skuldast behov for ressurskrevande tenester til nye brukarar, lønnsauke til sjukepleiarar i sentrale forhandlingar, generell lønnsauke og auke med to årsverk i natt-tenesta. Dagtilbod for demente og psykolog er lovpålagt frå 2020, og samla midlar på kr 855 000 er lagt inn i ramma til kommunen. Opptrappingsplan for rus held fram i 2020, og om lag 150 000 er lagt inn som frie inntekter. Samla bidreg desse til ei auke i budsjettet på kr 1 mill. Tildelingskontoret, flyktningtenesta og introduksjonsordninga er flytta til ramme 6 frå 2020. Budsjettet til desse følgjer med over, utgjer om lag 8 mill.

7.2 Utfordringsbilde

- Den økonomiske situasjonen gjer det vanskeleg å gi lovpålagde tenester.
- Kutt og lav grunnbemanning i tenestene gjer at vi står i fare for å ikkje klare å levere nødvendig helsehjelp.
- Det er ei auke i tal barn og unge med spesielle behov. Det er kartlagt om lag 50 barn med ulike utfordringar som vil trenge bu og tenestetilbod innan ei viss tid.
- Risikoen for meirforbruk innan tenesta avlastning og tenester til menneske med nedsett funksjonsevne er stor. Behovet er svært uforutsigbar og vanskeleg å planlegge for då brukarane kan kome på kort varsel og kan ha behov for store ressursar.
- Auke i tal demente. I snitt er det registrert 53 nye brukarar i året sidan 2016. Det nye dagtilbodet ved Vigra omsorgssenter er eit viktig tiltak for å møte veksten.
- Tal brukarar innan helse og omsorgstenestene har auka med 347 i perioden 2016 til 2018.
- Vi må ta imot utskrivingsklare brukarar ved helseføretaket. Rekneskapen frå 2018 viser eit mindreforbruk i høve budsjett på kr 49 500. Rekneskapen frå september 2019 viser eit meirforbruk på kr 439 000.
- Redusert tal heildøgns plassar ved Giske omsorgssenter (5 senger) gjer at risikoen for meirforbruk er stor, og knytt til risiko for overliggande pasientar ved helseføretaket og auka belastning i heimebaserte tenester.
- Oppgåveoverføringar frå helseføretaket, gjer at brukarane kjem tidlegare heim og er dårlegare enn før. Vi må i større grad gi spesialiserte tenester innan somatikk, psykiatri og rus.
- Rekruttering av helsepersonell, særlig sjukepleiarar og vernepleiarar er utfordrande i tillegg til rekruttering av gode leiarar.
- Velferdsteknologi, implementere og ta denne i bruk.
- Auka press på [avlastningstenesta](#), korttid- og langtids plassar. Risiko for auka venteliste på heildøgns plass er stor.
- Sto auke i tal brukarar innan psykisk helse og rus-tenesta med om lag 70% sidan 2016. Grunna kutt i tenesta er det stor risiko for at vi ikkje klarer å yte pålagte oppgåver.

7.3 Tenesteområder

Tenesteområder	Tal brukarar 2018	Tal brukarar per 14.10.2019	Årsverk 2019	Årsverk 2020
Storkjøkkenet	203	169	3,5	5,5
Heimesjukepleie	371	336	104,97	106,39
Brukarstyrt personleg assistent	8	8		
Aktivisering av eldre og funksjonshemma, dagtilbod	45	66	3,1	3,4
Praktisk bistand	217	206		
Bukollektiv	91	89		
Rehabilitering	66	38		
Løkevegen bufellesskap	119	130		
Psykisk helse- og rusteneste	167	229	9,3	6,3
Vaksenopplæring			0,8	0
Kingelveen	13	13	2,8	3,8
Løkevegen bufellesskap	15	12	16,8	16,8
Avlastning	10	18	0,7	0,7
Støttekontakt	58	61		
Bufellesskap for funksjonshemma	15	17	40,3	39,7
Institusjon	10	10	9,88	9,88

VAOMS = Valderøy omsorgsdistrikt

VGG = Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt

7.4 Oversikt tal brukarar i perioden 2010-2019

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019 pr.sep-19
Brukarar med tenester	448	462	448	466	500	510	531	734	878	870
Tal tenester	1 560	1 690	1 760	1 923	2 185	2 185	2 506	2 820	3 199	3 145
Tal e-meldingar	0	0	0	2 283	9 201	13 907	14 186	14 374	16 605	12 767

E-meldingar er kommunikasjonsplattforma mellom Helseføretaket, kommunen og fastlegane.

7.5.1 Oversikt tal årsverk i eining Valderøy omsorgsdistrikt

Teneste	2019	2020	Merknad
2340 Dagsenter	3,1	1,1	2 årsverk flytta til teneste 2343/2531
2343/2531 Storkjøkken	3,5	5,5	2 årsverk flytta frå 2340
2540 heimebasert omsorg og avdeling Hustruhamna	22,86	22,3	
2546 Giske omsorgssenter	26,53	27,9	Auke med 2 årsverk natt, samt reduksjon på dag.
Einingsleiar	1	1	
Totalt årsverk	56,5	57,75	

7.5.2 Oversikt tal årsverk Vigra, Giske og Godøy omsorgsdistrikt

Tenester	2019	2020	Merknad
2540 Heimeteneste, Reset bufellesskap, praktisk bistand, Vigra omsorgssenter avd Fjellro og Nordstova	55,30	55,30	1 årsverk miljøterapiet knytt til BPA-teneste oppretta frå mars-19
2340 Aktivisering av eldre og funksjonshemma (dagavdeling Retro)	1,2	1,2	Oppstart dagavdeling for demente 1.9-19. Finansiert av tilskot som vert lagt til ramma frå 2020 (525 000) + brukarbetaling.
2530 Skogly, institusjon	9,57	9,57	
Einingsleiar	1	1	
Totalt årsverk	67,07	67,07	

7.5.3 Oversikt tal årsverk eining Meistring og psykisk helse

Tenester	2018	2019	2020	Merknad
2130 vaksenopplæring	0,8	0	0	Stillinga flytta til 2340
2340 Aktivisering av eldre og funksjonshemma (Kingelveen)	2,8	3,8	3,8	Auke skuldast flytting av 1 årsverk
2412 Psykisk helsevern	4,3	7,3	4,3	Kuttar 3 årsverk engasjement, vert tatt vekk gjennom tiltak i 2020
2430 Tilbod til personar med rusproblem		2	2	
2543 Avlastning	0,7	0,7	0,7	
2541 Bufellesskap for psykiatri (Løkevegen)	16,8	16,9	16,6	
2548 Bufellesskap for funksjonshemma (Gudmundvegen /Skomakarvegen)	40,3	39,7	39,1	
Einingsleiar	1	1	1	
Totalt årsverk	67,7	70,4	67,4	

7.6 Styringskort og styringsindikatorar

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2018	Resultatmål 2019	Resultatmål 2020
Brukarar	Vidareføre dagtilbod for demente	Tilbodet er i drift		Starta opp dagavdeling ved Vigra omsorgssenter 1.9-19.	Viderføring og utvikling tilbodet
	Brukartilfredsheit i tenestene	Brukarundersøking			Brukarundersøkinga er utført
	Sikre framtidig bu- og tenestetilbod til barn og unge med særlege utfordringar			Arbeidsgruppe bu- og tenestetilbod til barn og unge med spesielle behov leverer rapport til kommunestyret nov-19. Det vert arbeidd kontinuerleg med å tilrettelegge best mogleg tilbod det dei dette gjeld. Krevjande både ressursmessig, kompetansemessig og kostnadmessig. Det er knytt store kostnader til desse.	
Medarbeidarar	Sjukefråvær 7%	Sjukefråværs-statistikk. Jobbe kontinuerleg med nærværstiltak. Arbeid med NED-med sjukefråvær.	8,24 %, samla for alle einingane	Hittil i 2019, pr.sep: 9,1%. Samla for alle einingane.	7 %
	Gjennomføre kompetansehevings-prosjekt: ABC Demens, prosjekt det gode pasientforløp "Pro Act"	Gjennomført kurs og opplæring		Vi har sett i gong prosjekt "Pro Act". Kompetanseheving innan ABC Demens har pågått og fortset vidare.	Kurs og opplæring er gjennomført. Rutinar og prosedyrar er utarbeidde. Vi nyttar dette i det daglege arbeidet.
	Vi klarer å rekruttere nødvendig kompetanse, som sjukepleiar, vernepleiar og helsefagarbeidar. Vi klarer å rekruttere gode leiarar.	Oversikt stillingar og funksjonar	Kompetanse- og rekrutteringsplan i helse- og omsorg, vedtatt des-18		Vi har sett i verk tiltak for å rekruttere nødvendig kompetanse
	Redusere ufrivilleg deltid.	Kartlegge ufrivilleg deltid. Halvårleg oversikt over personar som har fått auka stilling.			Vi har redusert ufrivilleg deltid med 30%. Arbeid vidare med dette dei komande åra.
	Ta i bruk dei velferdsteknologiske verktya fullt ut. Gi tilsette nødvendig kompetanse innan området.	Implementere velferdsteknologi i tenestene.	Prosjekt velferdsteknologi. Prosjektleiar, ressurspersonar. Velferdsteknologidag "klar ferdig gå". Digital tryggleiksalarm, GPS, telemedisinsk tilsyn, digitalt låsesystem for demente, elektrisk dørlås, fullelektroniske fagsystem, digital matbestilling.	Nytt responscenter (DORO), tryggleiksalarmar til tilsette, digitalt verkty hjelpemiddellager, DigiHelse, oppgradere pasientvarslingssystem	Dei digitale og teknologiske verktya vi har skaffa oss vert nytta fullt ut. Vi kan vise til gevinstrealisering.
Økonomi	Tal årsverk skal ikke auke.	Månadleg rapportering			Tal årsverk har ikkje auka

Fokusområde	Mål	Måleindikator	Resultat 2018	Resultatmål 2019	Resultatmål 2020
	Kostnad for inneliggjande pasientar i Helseføretaket skal ikkje overstige budsjett.	Rekneskap, månadleg rapportering	Budsjett kr 50 000, rekneskap kr 500. Resultat mindreforbruk kr -49 500.	Pr. september-19 meirforbruk kr 439 000	Vi held budsjettet i høve inneliggjande pasientar ved Helseføretaket.
	God økonomistyring	Avvik i % av vedtatt netto driftsramme. Månadleg rapportering	> 7,17%	≤ 0	≤ 0

